HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Fagleg samarbeidsutval – Sakliste

Føremål: Fagrådet

Møtetid: 10.12.2021 - kl. 10.00 - 14.00

Stad: **Rådhuset Sunnfjord kommune**
4 etg, møterom Jølstra

Deltakarar			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Forfall**
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune/ SIS	
Gunhild Gimmestad	Kommunalsjef	Gloppen kommune / NF	
Audhild Molland	Tenesteleiar heimetenester	Sogndal kommune/ Sogn	
Stein Helle	Kommunalsjef	Askvoll kommune/ HAFS	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Koordineringsrådet	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt Koordineringsrådet	
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde / Koordineringsrådet	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF Koordineringsrådet	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Vara:			
Øystein Furnes	Kommuneoverlege	Sunnfjord kommune	
Målfrid Sognnes	Kommunalsjef	Hyllestad kommune	
Heidi Vederhus	Kommunalsjef	Stryn kommune	
Hilde Tenold	Rådgjevar	Vik kommune	
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	Sunnfjord kommune	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde	
Robert Brennersted	avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde	
Øyvin Myrmel	avdelingssjef PHV	Helse Førde	
Robin-Andre Sørland	avdelingssjef LMBB	Helse Førde	
Observatørar:			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anita Sørheim	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

Saksnr	Tema	Ca kl	Ansvar
17/2021	Velkommen og godkjenning av sakliste	10.00 - 10.10	Norunn Stavø
	Godkjenning av referat frå siste møte		
18/2021	**Orientering frå praksiskonsulentane**	10:10- 10:40	Normund Svoen Jan Ove Tryti Anita Søreide
19/2021	**Helsefellesskap** - Nytt sidan sist - Organisering fagutval/faggrupper i fagrådet	10:40- 11:10	Elin Sørbotten
20/2021	**Møteplan/møteleiing 2022**	11:10- 11:20	Marte Ulltang
21/2021	**Status læringsnettverk** – Korleis kople dette arbeidet inn i mot faggrupper/fagutval i fagrådet?	11:20- 11:35	Elin Sørbotten
22/2021	**Gjennomgang samhandlingsavvik**	11:35-11:45	Kjellaug Berntzen
23/2021	**Regionale dagsamlingar samhandlingsavvik** - Korleis jobbe saman vidare med samhandlingsavvik vidare?	11:45- 11:55	Elin Sørbotten
	Pause		
24/2021	**Honorering fastlege** – Vår samarbeidsrutine vurdert opp mot rettleiar frå KS og legeforeninga	12:30- 12:50	Elin Sørbotten
25/2021	**Samhandlingbarometeret** – Innspel til ny versjon	12:50-13:10	Emma Bjørnsen
26/2021	**Status Sampro** – Revisjon samhandlingsprosedyre	13:10- 13:25	Marte Ulltang Elin Sørbotten
27/2021	**Status - CAVE-opplysningar i epikrise**	13:25-13:35	Asle Kjørlaug
28/2021	**Bruk av følgjepersonell frå kommunen.** Gjennomgang av samhandlingsprosedyra grunnlag for refusjon av kostnader	13:35-13:45	Marte Ulltang
29/2021	**Avtala om eldremedisinsk nettverk**	13:45-13:55	Elin Sørbotten
30/2021	Evt	13:55-14:00	Norunn Stavø

HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Fagrådet – Referat

Føremål: Fagrådet

Møtetid: 15.04.2021 - kl. 10.00 - 14.00

Stad: **Digitalt møte– virtuelt møterom:**
join.nhn.no, kode: 717458
717458@vm.nhn.no

Deltakarar			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Forfall**
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune/ SIS	
Gunhild Gimmestad	Kommunalsjef	Gloppen kommune / NF	Kl 12.00
Audhild Molland	Tenesteleiar heimetenester	Sogndal kommune/ Sogn	x
Stein Helle	Kommunalsjef	Askvoll kommune/ HAFS	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Koordineringsrådet	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt Koordineringsrådet	
Evy Helleseth	Fagdirektør	Helse Førde / Koordineringsrådet	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
Toril Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Samhandlingssjef/ Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF Koordineringsrådet	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	x
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Vara:			
Observatørar:			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anita Sørheim	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

aksnr	**Tema**	**Ca kl**	**Ansvar**
07/2021	Velkommen og godkjenning av sakliste	10.00 - 10.10	Norunn Stavø
	Godkjenning av referat frå siste møte		
08/2021	Orientering frå praksiskonsulentane	10:10- 10:30	Normund Svoen Jan Ove Tryti Anita Søreide
09/2021	Helsefellesskap	10:30- 10:50	Elin Sørbotten Marte Ulltang
10/2021	Legerekrutteringsstrategi i HFD	10:50- 11:20	Trine Vingsnes

11/2021	Samhandlingsavvik	11:20- 11:30	Marte Ulltang
	Pause		
12/2021	Pust deg betre. Presentasjon av prosjekt og forankring	12:00- 12:30	Elin Johnsen
13/2021	Utviklingsprosjekt i NAV Vestland mellom kommunane i Sunnfjordregion	12.30- 13:00	Karen S Hovlid
14/2021	Samarbeid mellom PHV i kommunane	13:00-13:30	Gunhild Gimmestad Børge Tvedt
15 /2021	Status Sampro frå kommunane og Helse Førde.	13:30- 13:45	Marte Ulltang Elin Sørbotten
16/2021	Evt	13:45-14:00	Norunn Stavø

Saksnr	Referat
07/2021	Fagrådsleiar Norunn Stavø ønska velkommen til det fulldigitale møtet – innkalling og sakliste godkjend utan kommentar.
	Referat frå siste møte godkjend.
08/2021	Normund Svoen gav ei kort orientering frå praksiskonsulentane – sjå samandrag i eige vedlegg til referatet. Elles orienterte Svoen om arbeidet og avtale om utpeiking av allmennlegerepresentasjon til arbeidsgruppene m.a. i det nye helsefellesskapet, samt kort informasjon om utfordring knytt til honorarordning for privatpraktiserande allmennlegar. Supplerande informasjon om at system for finansiering er etablert gjennom avtalemal, men dette er kanskje ukjend for aktuelle involverte. PKO Jan Ove Tryti supplerte med informasjon om utfordring i høve til rekruttering av avtalespesialistar, no særskild mot augelege. Fagrådet støttar PKO sin oppfordring til Helse Vest om å ta saka på alvor og intensivere rekrutteringsarbeidet.
09/2021	Elin Sørbotten orienterte om framdrift i arbeidet med etablering av Helsefellesskap. Nytt sidan sist, informasjonsstrategi. Trass i at denne saka har vore gjennomdrøfta i fleire fora det siste året, vert det opplevd at helsefellesskap ikkje er godt nok kjend eller forankra i organisasjonane. Rapporten frå arbeidsgruppa går no vidare til behandling i dialogmøte 11.06.2021. Fagrådet drøfta korleis arbeidet på best mogleg måte kan gjerast kjend i organisasjonane, og om Helse Førde og kommunane saman kan sikre god informasjonsflyt og forankring av arbeidet som er gjort. Fagrådet slutta seg til at partnarane tekk fatt i arbeidet med å informere om Helsefellesskapet umiddelbart, og før det planlagde dialogmøtet i juni. Det vert likevel peika på at mogelegheit for fysiske møter vert vurdert som ein viktig suksessfaktor i dette arbeidet. I etterkant av handsaming i dialogmøtet må avtaleverket inkludert rammeavtala tilpassast nye strukturar. Arbeidsgruppa som var etablert til utvikling av skisse for nytt helsefellesskap vert med i vidare arbeid med utviklingsplanen til Helse Førde.
10/2021	Trine Vingsnes orienterte om **legerekrutteringsstrategien i HFD**. I sin presentasjon refererte ho til arbeidet med forankring av prosjektet i kommunane, og synte til ein god dialog om felles strategi i høve legerekruttering. Sjå eigen presentasjon

	Helse Førde er eit mindre helseføretak som over tid har hatt ein utfordrande rekrutteringssituasjon. I framtida vil det truleg bli ei enda større utfordring å skaffe nok personell, og då særleg innan spesialiserte område og kompetanse - i særleg grad gjeld dette rekruttering av framtidige legespesialistar. Utan fast tilsette legespesialistar er det vanskeleg å drifte spesialisthelsetenester. Fagrådet rosar eit godt gjennomført arbeid kring rekrutteringsstrategien i Helse Førde og oppmodar kommunane om å sjå til denne og vurdere om eit samarbeid kring rekrutteringsstrategi for legar også vil vere tenleg på tvers av kommunegrenser. Ein oppmodar kommunalsjefane til å ta dette som drøftingssak i eige nettverk. Tiltakskorta og rapporten frå Helse Førde sitt prosjekt vert lagt ved referatet til vidare innspel frå kommunane. Delprosjektet «Rekrutteringsstrategi legar» tilrår vidare arbeid med tiltak innanfor 11 ulike innsatsområde. Kvart innsatsområde har fått sitt eige tiltakskort. Fagrådet rosar elles eit godt gjennomført arbeid kring rekrutteringsstrategien i Helse Førde, og oppmodar kommunane om å sjå til denne, samt vurdere om liknande samarbeid kring rekrutteringsstrategi for legar også vil vere tenleg på tvers av kommunegrenser. Ein oppmodar kommunalsjefane til å ta saka tilbake som drøftingssak i eige nettverk. Tiltakskorta og rapporten frå Helse Førde sitt prosjekt vert lagt ved referatet til vidare innspel frå kommunane.
11/2021	Elin Sørbotten innleia til oppfølgingssak om samhandlingsavvik frå sist møte i fagrådet og koordineringsrådet. Utfordringa har vore knytta til manglande svar frå fleire av kommunane. Sørbotten syner til arbeidsgruppa sin strategi om behovet for påminning og ny opplæring kring korleis ein melder og følgjer opp desse avvika. På grunn av situasjonen med Covid-19 er det ikkje mogeleg med fysiske møtepunkt for dei regionale dagssamlingane i vår/sommar. Etter litt ulike innspel føreslær Fagrådet at arbeidsgruppa startar med å arrangere digitale samlingar for nøkkelpersonell i kommunane og Helse Førde – gjerne med aktuelle case samt modell frå «les og lær». Fagrådet trur at å samle driftsnivå på tvers av organisasjonane til digitale samlingar med gruppearbeid i liten grad vil føre til auka kunnskap for organisasjonen som heilskap. Å samle nøkkelpersonar som kan ta arbeidet med seg tilbake i eigen organisasjon vil truleg vere ei betre løysing.
12/2021	Elin Johnsen frå avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester i Helse Førde orienterte om «Pust deg betre». Sjå eigen presentasjon. I presentasjon av prosjektet peikte Johnsen på fagrådet som ein viktig katalysator i arbeidet med utvikling og lansering av applikasjonen Pust deg betre. Prosjektet har tidlegare fått midlar både frå Helse Vest og Helse Førde for å utvikle applikasjonen. No er det søkt om midlar til implementering og a gjere kjend applikasjonen ute i kommunane. Målet er å styrke samhandlinga mellom spesialist –og primærhelsetenesta, samt å utvikle ein samhandlingskjede som skal styrke tilbodet om lungefysioterapi på tvers av tenesteledd. Til det vidare arbeidet vert det no presentert behov samarbeidspartar i kommunane. Under diskusjonen fekk Johnsen ulike innspel, og i det fagrådet ønska lukke til med det vidare arbeidet vart orienteringa teke til vitande.

	Lenke til video med brukarerfaring; Tone Kvigne- Erfaringar frå ein brukar - YouTube
13/2021	Prosjektleiar Karen S. Hovlid presenterte **Utviklingsprosjekt i NAV Vestland mellom kommunane i Sunnfjordregionen.** Sjå eigen presentasjon Eit hovudtema i prosjektet er utvikling av tenestene knytta til oppfølging av sykemelde, og prosjektet skal jobbe for å utvikle ein felles regional modell for sjukefråværsoppfølging. Arbeidet med oppfølging av sjukemeldte er eit samspel mellom den sjukmeldte, spesialist- og kommunehelsetenesta, arbeidsgjevarar og NAV. Det er difor viktig at prosjektet får innspel frå helsevesenet i arbeidet med utviklinga av tenestene. Prosjektet ønskjer no innspel frå fagrådet på kva ein ser som dei viktigaste faktorane for å hjelpe sjukmelde tilbake i arbeid. Vidare aktuelle tankar om NAV i regionen bør vektleggje i si interne utvikling av løysingar, og til sist korleis vi saman kan utvikle samarbeidet/ samspelet mellom den sjukmeldte, Helsevesenet og NAV? Hovlid bad om å få tilsend aktuelle tilbakemeldingar på mailadresse; Karen.Skretting.Hovlid@nav.no Det kom innspel på at leiarane i kommunane må fokusere på arbeidsgjevar sine plikter, og gjere dette kjend ovanfor personalet. Fagrådet takkar for orienteringa og tek den til vitande.
14/2021	Gunhild Gimmestad frå Gloppen innleia til sak om samarbeid mellom PHV i kommunane og spesialisthelsetenesta. Her vart det synt til at partnarane treng å forbetre seg i arbeidet med oppfølging av pasientar som treng tenester frå begge tenesteområda. Klinikkdirektør PHV Børge Tvedt synte til aktuell delavtale på området, og innhaldet i pakkeforløpet. Torill Taklo supplerte med informasjon om korleis HFD vurderer at dette fungerer i praksis, og synte til det pågåande prosjektarbeidet med «Barn og unges helseteneste. Dette arbeidet er kome lengst i Sogn, med oppfølging i Sunnfjord og Nordfjord. Det vart gjeve rom for dialog og erfaringsutveksling mellom partnarane og tenestenivåa. Her vart det mellom anna peika på suksesskriteriet i at spesialisthelsetenesta lagar felles system og samhandlingsmodellar for kommunepartnarane. Det vart elles synt til at dette arbeidet er ei av fire prioriterte oppgåver for Helsefelleskap.
15 /2021	Kst samhandlingssjef Marte Ulltang synte til sak frå fagrådet i februar, og informerte vidare om Sampro-status i helseføretaket. Det er teke avgjerd om at klinikkdirektørane tek ansvar for forankrings- og informasjonsarbeid ut i eigne klinikkar. Som eit grunnlagsarbeid til forankrings og informasjonsarbeidet, har Koordinerande Eining undersøkt kor mange aktive brukarar det er av IP over vs. under 18 år i dei ulike kommunane. Dette er eit viktig samanlikningsgrunnlag og vil representere eit nullpunkt for vidare arbeid. Samhandling og Tverrprofersjonelle tenester er med i læringsnettverket Gode pasientforløp, og forbetringsteamet herifrå har fått i oppdrag frå samhandlingssjef å arbeide med eit pasientforløp som allereie brukar Sampro som elektronisk verktøy for IP, og utarbeide ein modell som kan vidareførast i føretaket. Samhandlingskoordinator Elin Sørbotten supplerte kort med status frå kommunane. Fagrådet diskuterte ulike utfordringar og tok til sist statusorienteringa til vitande.

Fagrådleiar Stavø orienterte kort om neste fagrådsmøte, og til intensjonen om at vi då vil freiste å få til fysisk møte i ein av kommunane.

Sak 18/2021 Orientering frå praksiskonsulentane

Normund Svoen, Praksiskoordinator i Helse Førde, orienterer i møtet

---

Tekst

Sak 19/2021 Helsefellesskap

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Oppsummering:
Arbeidet med helsefellesskap har pågått i over eit år, og har no vore behandla gjennomgåande i samhandlingsstrukturen. Sist i partnarskapsmøtet September 2021.
Det pågår no arbeid med revisjon av rammeavtala.

Koordineringsrådet hadde i sist møte 02.12 oppe saka om helsefellesskap for å legge strategiske føringar på vidare arbeid.
Referat frå møtet:

Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten innleia til saka om helsefellesskap. Ho peikte på at helsefellesskap som tema har vore handsama i den gjennomgåande samhandlingsstrukturen, og arbeidet etterkvart er godt kjend. Likevel er det nokre moment som krev meir avklaring, og koordineringsrådet vart invitert til å finne løysing. Leiar Håkon Loftheim presenterte saka kronologisk.

1. Fastsetting av nytt namn på helsefellesskapet.
2. Oppnemning av brukarrepresentant gjennomgåande i helsefellesskapet i tråd med føringane.
3. Revisjon av rammeavtala, det er behov for avklaringar kring følgande moment før ein går vidare i arbeidet.
   - Det er mange og omfattande avtalar mellom HF og kommunane, bør ein sjå på å slå saman eller kutte nokre avtalar?
   - Bør ein opprette nytt avtaleutval i dette arbeidet?
   - Elektronisk avtaleverk? Sjå til arbeidet i Helse Bergen.
   - Bør rammeavtala skifte namn til eit meir gjenkjenneleg namn for ein overordna samarbeidsavtale?
4. Arbeidet med dei fire prioriterte pasientgruppene, korleis skal ein ta sikte å starte på dette arbeidet.

I dialogen mellom møtedeltakarane vart det diskutert om genuin interesse helsefellesskapsarbeid bør vektast større enn tradisjonell fordeling etter geografisk struktur for kommunale deltakarar. Her vart det ikkje konkludert utover at det viktigaste er

at medlemmane har felles fokus på korleis samhandlingsfeltet kan vidareutviklast. Vidare vart det synt til stor verdi i det å møtast, noko som vert vurdert som særskild viktig for det tillitsskapande arbeidet mellom partnarane.

Etter noko drøfting og erfaringsutveksling vart det gjort fylgjande **vedtak:**

1. *«Vårt helsefellesskap vert frå 1.januar 2022 døypt Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane»*

2. *« Koordineringsrådet ber felles brukarutval (FBU) om å oppnemne brukarrepresentasjon til dei ulike samhandlingsutvala i tråd med føringane i nytt helsefellesskap»*

3. *« Koordineringsrådet oppnemnar eit avtaleutval som tek sikte på å forenkle avtaleverket utan at grunnleggande struktur blir endra for mykje. »*

   «Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå gjennom dagens avtalar og skissere kva slags avtalar ein kan slå saman, kutte eller gjere om til samhandlingsprosedyrar og samhandlingsrutinar»

   «Koordineringsrådet ber avtaleutvalet gå i gang med arbeidet om å lage eit elektronisk avtaleverk»

   «Koordineringsrådet vedtar endring av namn på overordna samarbeidsavtale frå å vere «Rammeavtale mellom helse Førde HF og xx kommune» til «Overordna samarbeidsavtale for Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane»

4. ***«Koordineringsrådet ber fagrådet starte arbeidet med å sikre faggrupper som skal jobbe vidare med dei prioriterte pasientgruppene som skissert i vårt helsefellesskap»***

   «Koordineringsrådet ber om at utviklingsarbeid som vert jobba med i læringsnettverk for gode pasientforløp aktivt vert tatt med i vidare arbeid»

Strategisk samarbeidsutval hadde oppe saka om helsefellesskap i sist møte 2 desember 2021, sjå vedtak.
Ein ber no fagleg samarbeidsutval (fagrådet) om å starte arbeidet med å vurdere korleis ein skal jobbe vidare med dei fire prioriterte pasientgruppene som skissert i helsefellesskapet.

Sak 20/2021 Møteplan/møteleiing 2022

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Saksopplysningar:

Møta i Helsefellesskapet skal leggast til Helse Førde i 2022.

Det er planlagt 1 Partnarskapsmøte, 4 møter i Strategisk samarbeidsutval og 4 møter i Fagleg samarbeidsutval.

Det planleggast for fysiske møter og Helse Førde er arrangør.

Møteplan Helsefellesskap 2022			
Arrangør/Møtestad	**Fagleg samarbeidsutval**	**Strategisk samarbeidsutval**	**Partnarskapsmøte**
Kommunane	**17 februar**	**2 mars**	
Helse Førde	**28 april**	**20 mai**	
Kommunane	**8 september**	**21 september**	***27 oktober****
Helse Førde	**17 november**	**30 november**	

Framlegg til vedtak:

Koordineringsrådet vedtek møtedag og dato for møta i 2022.

Samhandlingssjef syt føre invitasjon/møteinnkalling og at det praktiske kring møta vert organisert/koordinert.

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Saksopplysningar:
Møtestadar i Helsefellesskapet skal veksle mellom Helse Førde og kommunane i 2022.
Det er planlagt eitt Partnarskapsmøte, fire møter i Strategisk samarbeidsutval og fire møter i Fagleg samarbeidsutval.

Det planleggast for fysiske møter og Helse Førde og kommunane er vekselvis arrangør.

Møteplan Helsefellesskap 2022			
Arrangør/Møtestad	Fagleg samarbeidsutval	Strategisk samarbeidsutval	Partnarskapsmøte
Kommunane	17 februar	2 mars	
Helse Førde	28 april	20 mai	
Kommunane	8 september	21 september	*27 oktober**
Helse Førde	17 november	30 november	

Framlegg til vedtak:

Fagleg samarbeidsutval vedtek møteplan for Sogn og Fjordane Helsefellesskap i 2022. Samhandlingssjef syt føre invitasjon/møteinnkalling og at det praktiske kring møta vert organisert/koordinert.

Endring i leiarskap/funksjonstid Fagleg samarbeidsutval

Oppsummering:
Leiar- og nestleiarfunksjonen har veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. Norun Stavø har vore leiar for koordineringsrådet gjennom 2021. Møtestad har fram til 2021 flytta mellom kommunane og helseføretaket utifrå kven som har leiarfunksjonen. Etter dagens struktur vert medlem i utvala oppnemnt for to år av gongen. I ny struktur for helsefellesskap vert det tilrådd oppnemning av medlemmar for fire år av gongen for å sikre ein betre kontinuitet i våre felles møtefora. Koordineringsrådet vedtok i møtet 02.12.12 at leiarfunksjon skal oppnemnast for to år av gongen, men at møtestad skal veksle mellom kommunane og Helse Førde gjennom året.

Faktaopplysningar:
Rammeavtalen mellom Helse Førde og kommunane regulerer samarbeidsformer mellom partnarane. For å kunne tilrettelegge for god samhandling, skal ein ha føremålstenlege organ der partane kan møtast. Fagrådet er eit samarbeidsutval mellom Helse Førde HF og dei kommunane i Sogn og Fjordane som har inngått denne samarbeidsavtalen.

Fagrådet har ansvar for å

- på oppdrag frå koordineringsrådet eller på eige initiativ førebu og utgreie dei faglege sidene og synleggjere pasientomsyna i saker som skal godkjennast i koordineringsrådet
- på oppdrag frå koordineringsrådet syte for gjennomføring av naudsynte prosessar i samband med utarbeiding av framlegg til delavtalar og prosedyrar, m.a. oppnemning av aktuelle kliniske arbeidsgrupper
- leggje til rette for andre samhandlingsmøte for fagpersonar og mellomleiarar på tvers av nivåa og leggje vekt på erfaringsutveksling, kompetanseoverføring, kunnskaps- og kompetanseheving
- vurdere meldingar om avvik og uønska hendingar som gjeld samhandling med tanke på læring og systemforbetring
- bidra til å utvikle og spreie gode modellar for samhandling

Samansetjing
Fagrådet består av 5 faglege representantar frå kommunane og 5 faglege representantar frå Helse Førde HF. Rådet skal ha ei tverrfagleg samansetjing. Ein av kommunerepresentantane og ein av representantane frå helseføretaket skal også vere medlemar i koordineringsrådet (gjennomgåande representasjon). Det skal oppnemnast vararepresentantar. KS i fylket syter for oppnemning av dei

kommunale representantane. Ved oppnemninga skal ein sikre at det er ein representant frå alle regionrådssamarbeida i fylket. Medlemane er sjølve ansvarlege for kontakten med dei ein representerer. Praksiskonsulentane ved Helse Førde skal ha møte- og talerett i fagrådet. Representantane har fram til 2021 blitt oppnemnde for to år, samstundes med oppnemning av representantar til administrativt samarbeidsutval.

Arbeidsform
Rådet konstituerer seg sjølv. Leiar- og nestleiarfunksjonen har fram til 2021 veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. Funksjonsperioden for rådet er november - november.

Saker blir fremja av partane gjennom representantane, som har et sjølvstendig ansvar for å bringe fram tema/saker til handsaming. Saker som er av ein slik karakter at dei skal handsamast i kordineringsrådet og/eller dialogmøtet skal brukarutvalet på førehand ha til fråsegn.

Rådet har møte minimum 4 gonger pr. år og møteplan for funksjonsperioden blir avtalt. Sekretariatsfunksjonen ligg til Helse Førde HF. Partane ber eigne kostnader.

Fagrådet 2021:

Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune/ SIS
Gunhild Gimmestad	Kommunalsjef	Gloppen kommune / NF
Audhild Molland	Tenesteleiar heimetenester	Sogndal kommune/ Sogn
Stein Helle	Kommunalsjef	Askvoll kommune/ HAFS
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Koordineringsrådet
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt Koordineringsrådet
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde / Koordineringsrådet
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF
Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF Koordineringsrådet
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde HF / Koordineringsrådet
Vara:		
Øystein Furnes	Kommuneoverlege	Sunnfjord kommune
Målfrid Sognnes	Kommunalsjef	Hyllestad kommune
Heidi Vederhus	Kommunalsjef	Stryn kommune
Hilde Tenold	Rådgjevar	Vik kommune
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	Sunnfjord kommune
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde
Robert Brennersted	avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde
Øyvin Myrmel	avdelingssjef PHV	Helse Førde
Robin-Andre Sørland	avdelingssjef LMBB	Helse Førde
Observatørar:		
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn

Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord
Anita Sørheim	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord

Endring av funksjonstid for utval ved etablering av Helsefellesskap
Rapporten frå arbeidsgruppa for Helsefellesskap har vore handsama i våre felles samhandlingsorgan gjennom 2021. Rammeavtala mellom partnarane vert no revidert, før endeleg iverksetting om Helsefellesskapet mellom Helse Førde og kommunane.

Etter dagens struktur vert medlem i utvala oppnemnt for to år av gongen. Leiar- og nestleiar-funksjonen har veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. I ny struktur for helsefellesskap er det vedtatt å oppneme medlemmar for fire år av gongen for å sikre ein betre kontinuitet i våre felles møtefora. Koordineringrådet har difor vedteke at å utvide leiarfunksjonen til å gå frå eit til to år, medan møtestad/arrangør skal veksle mellom kommunane og Helse Førde gjennom året.

Tilråding:
- Fagrådet oppnemnar xxx som leiar for Fagleg samarbeidsutval i 2022-2023.

Sak 21/2021 Status Læringsnettverk

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Læringsnettverk for gode pasientforløp har no vore i drift i om lag 1 år.
Det er totalt 14 team frå kommunane og 3 team frå Helse Førde som er påmelde.
Kommunane og Helse Førde brukte god tid på førehand av læringsnettverket med forankring for å sikre at arbeidet som vert gjort vert implementert, vidareført og utvikla også etter at læringsnettverket er ferdig.

Det har til no vore tre samlingar i nettverket, to digitale og ei fysisk første og andre desember på skei.

Teamene har til no brukt tida på finne utviklingsområder i eigen organisasjon, framover vil det være naudsynt og bra om ein også klarar å kople arbeidet saman for å sikre pasientforløpa på tvers av organisasjonane.
For å gjere dette så må arbeidet prioriterast og nyttast inn i arbeidet med helsefellesskap.

Områder teamene jobbar med handlar om pasientforløpa i eigen organisasjon, og det er ulikt fokus frå team til team utifrå kva dei saman med brukarane har sett på som forbetringsområder. Det vil truleg likevel være forbetringspunkt som vil kunne være felles for fleire og truleg også for alle.

Det er desse forbetringsområda ein må sjå om skal ha hovudmerksemd i utviklingsarbeidet framover.

Ein ber fagrådet drøfte korleis ein ser føre seg å kople dette arbeidet inn i mot faggrupper/fagutval.

Sak 22/2021 Gjennomgang samhandlingsavvik

Kjellaug Berntsen, Rådgjevar Seksjon Kvalitet og Pasienttryggleik, Helse Førde, orienterer i møtet

---

Oversikt over samhandlingsavvik 2021
Det er utarbeidd oversikt over samhandlingsavvika som er melde mellom kommunane og Helse Førde i 2021. Desse vert presentert i møte.

Framlegg til vedtak
Fagrådet tek orienteringa til vitande

Sak 23/2021 Regionale dagsamlingar samhandlingsavvik

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Regionale digitale dagsamlingar
Det vart arrangert digitale regionale dagsamlingar på Teams i september 2021:

Tysdag 07.09.21 kl. 12-14 for Sunnfjord og ytre Sogn / FSS
Tysdag 21.09.21 kl. 12-14 for Nordfjord / NSH
Tysdag 28.09.21 kl. 12-14 for Sogn / LSH

Program:

1200-1215	System for avvikshandtering innan samhandling
1215-1225	E-læringskurs
1225-1240	Les og lær
1240-1245	Beinstrekk
1245-1320	Gruppearbeid om avvikssaker innan samhandling
1320-1340	Gjennomgang av gruppearbeid
1340-1355	Erfaringsutveksling og innspel

Målgruppe:
Leiarar innan helse og omsorg i kommunane, einingsleiarar/seksjonsleiarar i Helse Førde. Dei kunne møte den dagen det høvde best, sjølv om dei høyrde til eit anna område.

Deltaking:
Det kom totalt 14 deltakarar frå ulike avdelingar i Helse Førde.
Det kom 36 deltakarar frå ulike kommunar

Organisering
I dei digitale samlingane er det større begrensing over kor mange deltakara ein kan ha for å få til gode digitale møter med dialog og gruppearbeid. Denne gongen var det leiarar frå dei ulike nivåa i sjukehus og kommunar som vart invitert til regionole dagsamlingar for å sikre at informasjon om samhandlingsavvik vert sett på agendaen ute i tenestene og for å få god kjennskap til E-læringskurs på leiarnivå.

Frå arbeidsgruppa deltok samhandlingssjef Marte Ulltang, samhandlingskoordinator Elin Sørbotten, rådgjevar i Helse Førde Irene Barmen Hoel, rådgjevar Kjellaug Berntsen og kommunalsjef Kirstin Bruland.

- Dagane var lagt opp med korte presentasjonar om informasjon om kva arbeidsgruppa for samhandlingsavvik har jobba med dei siste åra. Samhandlingsstrukturane og statistikk frå samhandlinga.
- E-læringskurs vart gjennomgått i korte trekk, samt informasjon om kvar dette kurset er å finne.
- Gjennomgong av metoden Les og Lær før gruppearbeid.
- Gruppene var inndelt i digitale grupperom i forkant. Ein tilstreba deltaking frå kommune og helseføretak i kvar gruppe. I gruppearbeidet diskuterte ein case og jobba ut i frå Les&Lær-metoden. Det vart sendt ut evalueringsspørsmål etter samlinga.

Erfaringsutveksling/drøftingar til slutt:
- Å ha eit kort og konsentrert møte utan reisetid, er noko som leiarane kan prioritere. Det var ein positiv oppleving. Det er godt å spare tid på kjøring til fysiske samlingar
- Kommunane ønskjer at det i vanskelege saker blir eit digitalt møte mellom partane i tillegg til samhandlingsavvika.
- Det kom framlegg om ei felles møteplattform digitalt eller på telefon, der ein kan drøfte utfordringar.
- Mykje blir løyst gjennom PLO-meldingane når desse blir brukt etter intensjonen.

- Alle har det travelt, derfor må vi ha effektive samtaler når vi tek kontakt.
- Kommunane opplever at det er låg terskel for å ta kontakt med avdelingane om pasientar
- I sjukehuset jobbar ein med avvik med å ta utgangspunkt i journalen og nøste derifrå. Det blir behandla avvik i personalmøte, postmøte med legane og nokre avdelingar har ei eiga lukka facebookside for å spreie informasjon som ikkje er sensitiv.
- Dei slit med å få folk til å melde avvik fordi det er tungvint
- Samhandlingssjefane i regionen har spelt inn til Helse Vest at det er behov for ei digital løysing for å melde samhandlingsavvik mellom kommunane og helseføretak.
- Vi treng å få auka meldekulturen. Vi treng å jobbe med å auke tal avvik som blir sende begge vegar og saker må løysast på lågast effektive omsorgsnivå
- Det er ei utfordring å få til god samhandling med polikliniske pasientar, då legane som behandlar ikkje alltid har fokus på samhandling med kommunen
- Delavtalane er lite kjende blant personell både i sjukehus og kommune. Desse bør takast fram av og til og repeterast.
- Det er lite kunnskap om kva som bør meldast, derfor blir lite meldt. Derfor er det viktig at mange tek e-læringskurset om samhandling.
- Det er kanskje nok med to samlingar, sidan det var få deltakarar på den tredje samlinga.
- Når ei avdeling har meldt mange saker til kommunane, men aldri får svar, er det demotiverande for meldekulturen
- Kommunane må ha fokus på å svare ut meldingane som kjem. Purring har vore prøvd, med lite effekt.
- Det er viktig å seie frå om det som skjer av uønska hendingar, og det er fint å sjå at meldinga fører til endring hos samarbeidsparten.

Vidare organisering av dagsamlingar for samhandlingsavvik

- Koordineringsrådet vedtok i møtet 02.12.21 å halde fram med å arrangere regionale dagsamlingar for samhandlingsavvik. Koordineringsrådet ser utfordringane med å sikre deltaking i fysiske regionale samlingar, og oppmodar arbeidsgruppa til å halde fram med å arrangere både fysiske og digitale regionale dagsamlingar for samhandlingsavvik kvart andre år

Framlegg til vedtak:
Fagrådet tek orienteringa til vitande

Sak 24/2021 Honorering fastlege

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Oppsummering
Sjå vedlagt prosedyre for honorering av allmennlegar i utviklingsarbeid godkjend av koordineringsrådet Februar 2019.
I samband med innføring av nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023 gjekk KS og legeforeininga saman og utarbeidde ein vegleiar for honorering av allmennlegar i samband med innføring av helsefellesskap.
https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/legetjenester/veileder-om-fastlegers-deltakelse-i-helsefellesskap/

Ein ber no fagrådet vurdere og sjå lokal rutine opp mot den nasjonale veiledaren og gjere vurderingar på om det er behov for endringar i prosedyra lokalt.

Bakgrunn:

I Fagrådet si sak 15/18 12.04.18 vart det oppnemd arbeidsgruppe med praksiskonsulent Anne Stubdal som leiar. Arbeidsgruppa som har hatt to arbeidsmøter har elles slik samansetnad;

- Randi Ytrehus kommunalsjef Bremanger kommune
- Jan Helge Dale kommunelege Flora kommune
- Tone Holvik stadleg leiar NSH
- Randi Holsen Solheim administrasjonsrådgjevar HFD

Mandatet til gruppa er å utarbeide framlegg til rutine for involvering av legar, samt godtgjering for slike i utviklingsarbeid i Helse Førde HF. Arbeidsgruppa sitt framlegg til rutine og individuell avtale mellom partane fylgjer som vedlegg, og tek også utgangspunkt i å gjelde for interkommunalt samarbeid.

Med bakgrunn i økonomiske konsekvensar for helseføretaket, vert det rådd til at saka fyrst vert handsama i føretaksleiinga. Forslag til vidare sakshandsaming; Fagrådet syter for at saka også vert handsama i kommunale organ.

Saka vart behandla ved KS sine møteplassar samt i fag og koordineringsråd der resultatet av drøftingane vart iverksetting av prosedyrane vedlagt saksgrunnlaget.

Vurdering:

Veiledaren er bygt opp under fire fokusområder, Oppnemning, representasjon, rolle og honorering.

Utdrag frå veiledaren syner ei anna fastsett honorering enn vår felles rutine legg opp til**.** Det vert

såleis lagt opp til at helsefellesskapa skal ha lik praksis rundt honorering av slikt arbeid.

Ein ser at moment som omhandlar kven som skal dekke kostnadar for ulikt type arbeid fortsatt bør

være regulert i felles rutine då dette i liten grad er tatt stilling til i veiledaren.

> *«Godtgjøring til oppnevnte fastleger Kommunene honorerer fastlegerepresentanter for arbeidet de gjør innenfor helsefellesskapsmodellen. Arbeidet inkluderer møter, formøter, reisetid og saksforberedelse. De økonomiske forholdene og omfang i fastlegenes representasjon bør være klarlagt i forkant av oppnevnelse og deltakelse i helsefellesskap. Partene anbefaler at disse inngår som en del av de kostnadene kommunene i opptaksområdet skal dekke i fellesskap. For næringsdrivende fastleger anbefaler partene godtgjøring som næringsdrivende tilsvarende honorarsatsen i rammeavtalen pkt. 12.5 (per i dag 880 kroner per time). For møter, formøter og reisetid innen kontortiden (fastlegens avtalte åpningstid) honoreres legen to ganger honorarsatsen per time. For reisetid utenfor kontortiden og saksforberedelse honoreres legen time for time. Godtgjøringen beregnes for hver påbegynt halvtime. Tidsbruk avklares fortløpende. Fastlegerepresentantene og*

kommunene kan avtale at arbeid med i helsefelleskapsmodellen gir fritak fra plikten til offentlig allmennmedisinsk arbeid. Representanter som er fastleger ansatt i kommunen må ha tilstrekkelig tilrettelegging tilsvarende andre kommunalt ansatte. Generelt om ledelse og planarbeid»

Forslag til vedtak:

1. ***Fagrådet ber om at punktet om godtgjerelse vert oppdatert i tråd med veiledaren frå KS og legeforeninga.***
2. ***Fagrådet ser ingen kontrovers mellom prosedyra i vårt område og veilederen frå KS og legeforeninga og oppmoder om at prosedyra vert slik som den føreligg.***

Vedlegg 1: Rutine for godtgjering av allmennlegar som deltek i utviklingsarbeid for Helse Førde og/eller for kommunane i Sogn og Fjordane

RUTINAR FOR GODTGJERING AV ALLMENNLEGAR SOM DELTEK I UTVIKLINGSARBEID FOR HELSE FØRDE OG/ELLER FOR KOMMUNANE I SOGN OG FJORDANE

Føremål:
Innføre retningslinjer for allmennlegar som deltek i samhandling/utviklingsarbeid **for** Helse Førde og **for** Helse Førde (HF) **og** kommunane.

Gjeld for:
Fastlegar/allmennlegar som blir bedt av kommunen og/eller HF om å delta i arbeidsgrupper/prosjektgrupper som har som føremål å arbeide med tjenesteutvikling/-tilbod innanfor helse og omsorg i Sogn og Fjordane.

Ansvar for prosedyren:
Administrasjonen i HF og den einskilde kommune i Sogn og Fjordane.

Arbeidsbeskriving:
Behov for deltaking frå fastlege i prosjekt/utviklingsarbeid:

1. HF leiger inn allmennlege og betaler denne etter gjeldande rutine.
2. I samhandlingsprosjekt mellom HF og kommunane avklarar ein økonomisk delingsmodell i det einskilde utviklingsarbeid.
3. Den einskilde kommune kan nytte rutinen og avtale og kravsskjema (vedlegg 1 og 2).

Når arbeidet skal gå føre seg som prosjektarbeid med eige budsjett eller finaniserast av tildelte prosjektmidlar, skal midlar for godtgjering til allmennlegane budsjetterast og/eller dekkast av tildelte prosjektmidlar. Godtgjeringa vert såleis rekneskapsført på prosjektet.

Ved deltaking i anna utviklingsarbeid skal utgifter verte dekka av den ansvarlege for arbeidet: HF og/eller den einskilde kommune.

Godtgjering til fastlegane vert å betale etter takst 14 i Normaltariffen slik:
Takst 14 (for tida, kr. 575.-) for kvar påbegynt ½ time (takst 14d - tillegg for spesialist, for tida, kr. 102.-) inkludert tapte praksisutgifter. Det vert sett ei øvre grense pr dag/døgn med takst 14x15/halvtimar pr. dag/døgn.

Allmennlegen sender krav etter gjeldande avtaleskjema.
Reiseutgifter vert dekka i samsvar med til ei kvar tid gjeldande takst i helseføretak / kommune.

Dersom fleire kommunar og/eller HF skal betale delar av kostnaden, fakturerer kommunen etter den delingsmodellen ein er kome fram til i det aktuelle arbeidet.

Legeforeininga i Sogn og Fjordane:
Har medverka til prosedyren, og rår sine medlemmar til å ta del i denne.

Vedlegg 2: Avtale om godtgjersle for deltaking i utviklingsarbeid for Helse Førde og/eller for kommunane i Sogn og Fjordane

AVTALE OM GODTGJERDSLE FOR DELTAKING I UTVIKLINGSARBEID FOR HELSE FØRDE OG/ELLER FOR KOMMUNANE I SOGN OG FJORDANE:

Avtalen er inngått i samsvar med gjeldande rutiner/retningslinjer/prosedyrer for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane. Legeforeininga i Sogn og Fjordane her medverka, og rår sine medlemmar til å nytte avtalen.
Grunnlag for godtgjering: Takst 14 og 14d i Normaltariffen. Maks x15 pr. dag/døgn.

Fastlege:	Prosjektleiar eller innleigar:
Prosjektnamn: Anna utviklingsarbeid:	Stipulert omfang av arbeidet: Tal dagar:…… Tal timar:……
Faktura vert å sende til:	

Dato:…….

…….
Underskrift fastlege

Dato:…….

……
Underskrift innleigar

Vedlegg 3: Kravskjema – godtgjersle for deltaking i utviklingsarbeid for Helse Førde og/eller for kommunane i Sogn og Fjordane

KRAV OM GODTGJERDSLE FOR DELTAKING I UTVIKLINGSARBEID FOR HELSE FØRDE OG/ELLER FOR KOMMUNANE I SOGN OG FJORDANE:

Grunnlag for godtgjering: Takst 14 og 14d i Normaltariffen. Maks x15 pr. dag/døgn.
Faktura til:
Frå: Fastlege:…….. Organisasjonsnummer:…… Driftsavtale med: ……..
Delteke i: Prosjektnamn:…….. Anna utviklingsarbeid:……
Inngått avtale om deltaking i med:…….. Avtalen vart inngått-dato:…….
Brukte ressursar: Tal dagar/dato:……. Tal timar/frå –til:……. Sum:……. Fakturadato:…… Forfall:……

Dato:……..
Underskrift:……
-Fastlege -

Sak 25/2021 Ny versjon av Samhandlingsbarometeret

Emma Bjørnsen, Seniorrådgjevar, Fag og Utviklingsavdeling Helse Førde, orienterer i møtet

---

Ein ny versjon av Samhandlingsbarometeret er no blitt utvikla, og vil bli opna på nyåret.

Samhandlingsbarometeret har eksistert sidan Samhandlingsreforma vart gjennomført i 2012, og vart etablert for å publisere informasjon med føremål å styrke det felles kunnskapsgrunnlaget mellom Helse Førde HF, kommunane og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Tilgjengeleg statistikk viser store variasjonar i tilvisingsrate og forbruk av spesialisthelsetenester, som ofte ikkje kan forklarast med variasjonar i reelle behov hjå pasienten. Dette kan innebere at pasientar får ulike tilbod og ulik behandling avhengig av kvar dei bur eller kven dei møter i helsevesenet. Det kan også innebere ein irrasjonell ressursbruk og samla sett kvalitativt dårlegare tenester. Det er stort behov for data som bidreg til å forstå samanhengar, styre tenestene, gjere analyser mv. Eit utviklingsområde framover vil vere å finne fram til relevante data for dei fire pasientgruppene som helsefellesskapa skal prioritere :

- Barn og unge
- Alvorleg psykisk sjuke
- Pasientar med fleire kroniske lidingar
- Skrøpelege eldre

Første åra inneheldt Samhandlingsbarometeret data frå dåverande Sogn og Fjordane fylke, tilsvarande dagens opptaksområde for Helse Førde. Etter kvart vart det lagt inn data for resten av Helse Vest sine helseføretak og opptakskommunar, og også Helse Nord tok det i bruk for sine sjukehusområde.

I det komande nye Samhandlingsbarometeret vert det publisert samhandlingsdata for heile landet, og der hovudinndelinga går etter helseføretaksområde og kommunane i helseføretaka sine opptaksområde.

Presentasjonane i det nye Samhandlingsbarometeret har ei inndeling etter følgande oppsett: Noreg (nasjonale tal), regionale helseføretak (RHF), helseføretak (HF), kommunar og bydelar, der ein har slike.

Ulike datakjelder som vert nytta er Norsk Pasientregister (NPR), Kommunalt Pasientregister (KPR), Statistisk Sentralbyrå (SSB), Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA), Folkehelseinstituttet (FHI) og ulike kvalitetsregister.

I utforminga av den nye løysinga har ein vore oppteken av at det skal vere enkelt for brukarane å finne fram til relevante data knytt samhandling. I det nye opningsbildet er dei ulike indikatorane/variablane sorterte under fire hovudtema: Samhandling, Demografi, Folkehelse og Helsefellesskap. Desse indikatorane viser data som er felles for heile landet. I tillegg vil det bli mogeleg å legge inn meir føretaksspesifikke indikatorar der det kan ligge data som er tilgjengelege eller har særleg interesse for enkelte føretak.

Samhandlingsbarometeret har vidare lagt inn ein såkalla Kommuneprofil, der kommunane kan få eit raskt overblikk over korleis dei ligg an på utvalde nøkkelindikatorar samanlikna med Noreg samla sett.



Opningsside i den nye løysinga for Samhandlingsbarometeret

Vi ser nærare på skilnadar mellom eksisterande Samhandlingsbarometer og den nye løysinga:
I eksisterande Samhandlingsbarometer har ein fått fram følgjande utgangsbilde når ein eksempelvis ser på **reinnlegging** av pasientar innan 30 dagar.:



Dette viser omfanget av reinnlegging innan 30 dagar etter utskriving frå sjukehus pr. 1000 innb. i kommunen frå Noreg samla, Helse Vest samla, Helse Førde samla og kvar einskild kommune i opptaksområdet.

I den nye løysinga vil same indikator **reinnlegging** framstillast slik:



Opningsbiletet viser tre ulike presentasjonar i same bildet. Først ein tabell delt i aldersgrupper der Noreg, Helse Vest og Helse Førde kjem fram i tillegg til dei tre kommunane Gloppen, Kinn og Lærdal, som vi har haka av. Figuren oppe til høgre viser utvikling over tid, og nedre til høgre er ein kartpresentasjon med fargar knytt til verdien for kommunen der ein kan peike på kommunen for å få fram meir opplysningar om denne.

I Fagrådet vil vi klikke oss inn i den nye publiseringsløysinga og vise fleire eksempel på bruk.

Data til helsefellesskapa - utviklingsområde
Å komme fram til/bestemme kva som er dei mest relevante indikatorar for helsefellesskapa vert viktig framover. Dette er eit arbeid som må inkludere fleire datakjelder og kopling mellom fleire av dei, særleg NPR og KPR. Helsedirektoratet har laga definisjonar for dei fire pasientgruppene, og har publisert data for to av gruppene. Desse er vist på føretaksnivå, men så langt ikkje for kommunane. Skal vi få fram eit godt faktagrunnlag for samhandlinga må data kunne visast på kommunenivå, og dette vil Samhandlingsbarometeret bidra til.

Tilrådning
Fagrådet blir bedne om å kome med innspel til kva data helsefellesskapa vil trenge, gjerne med utgangspunkt i behova for helsefellesskapet i Helse Førde sitt område, og korleis vi kan jobbe saman om dette.

Sak 26/2021 Status Sampro

Maria Ljungløf, rådgjevar, Koordinerande eining Helse Førde og Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

Saka gjeld:
Kommunane og Helse Førde har ein delavtale kring brukarar med store og samansette behov: Retningsliner for å sikre heilskaplege og samanhengane helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester (rev. 10.2019). Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova §§6-1, 6-2, pkt 2 og i spesialisthelsetenestelova §2-1e,2.ledd 1.setning. Avtalen omhandlar mellom anna plikta kommunen si helse- og omsorgsteneste og helseføretaket har til å utarbeide individuell plan (IP) for personar med behov for langvarige og koordinerte tenester.

I tråd med føringane for bruk av IP har Helse Førde og dei fleste kommunane i nedslagfeltet inngått ei delavtale om bruk av det elektroniske samhandlingsverktøyet SAMPRO (e-IP) til dette føremålet. Alle kommunane i nedslagsfeltet nyttar SAMPRO når dei skal utarbeide IP.

Historikk
Sunnfjord kommune melde inn sak til møte i fagrådet 04.02.21 om bruken av samhandlingsverktøyet. Kommunen nyttar SAMPRO aktivt og opplevde at i samhandlinga med Helse Førde er SAMPRO lite kjent og lite nytta. Fagrådet drøfta vegen vidare og korleis både kommunane og Helse Førde skal sikre at ordninga vert implementert i drift og nytta etter intensjonen. Etter at saka var handsama i koordineringsrådet mars-20 var planen at verktøyet skulle forankrast og informerast om i aktuelle klinikkar og avdelingar. Pandemisituasjonen vart truleg årsaka til at dette ikkje er gjort og at samhandlingsverktøyet er lite kjent i organisasjonen.

Saka vart handsama i fagrådet 04.02.21 og i vedtaket heiter det:

> *«Fagrådet oppfordrar partnarane til ein restart i implementeringsarbeidet, og at det vert informert ut til eigne brukarar at SAMPRO-plattforma må takast i bruk i arbeids-kvardagen til aktuelle tilsette. Statusrapport frå dette arbeidet vert å referere i neste møte i Fagrådet.»*

Læringsnettverk Gode pasientforløp – Kvalitetsarbeid med pasientforløp som nyttar Sampro
Samhandlingsjef Margun Thue orienterte 16.02.21 føretaksleiinga i Helse Førde om «SAMPRO – forankring og vidare prosess», og følgande vart vedtatt:

> *1) AD og føretaksleiinga tek informasjon om samhandlingsverktøyet SAMPRO til vitende.*
> *2) Klinikkdirektørane tek ansvar for forankrings- og informasjonsarbeid ut i eigne klinikkar og avdelingar*

Samhandling og Tverrprofersjonelle tenester er med i læringsnettverket Gode pasientforløp. Forbetringsteamet frå samhandling og tverrprofesjonelle tenester har fått i oppdrag frå samhandlingssjef om å arbeide med eit pasientforløp som allereie brukar Sampro som elektronisk verktøy for IP og utarbeide ein modell som kan vidareførast i føretaket. Team-leiar, Maria Ljungløf, vil orientere om status for dette arbeidet i fagrådet.

Revisjon av samhandlingsprosedyre om Sampro
Dersom kommunen pasienten bur i nyttar e-IP, skal Helse Førde sine tilsette, som er med i arbeidet med planen, også delta elektronisk. Det er laga ei samhandlingsprosedyre for korleis ein skal nytte sampro. Helse Førde fekk i april 2021 meldt eit samhandlingsavvik på bruk av Sampro. Bakgrunn for samhandlingsavviket var at dokumentasjon i IP ikkje var journalført og dermed vart ikkje naudsynt informasjon fanga opp av behandlar. I mai 2021 vart det gjennomført eit møte mellom samhandlingssjef, fagdirektør, personvernombod og jurist for å drøfte saka og konklusjonen vart at

det er naudsynt med eit arbeidsgruppemøte for å kartlegge utfordringar og sjå på mogelege løysingar for følgande områder:

- Bruk av e-IP løysinga er ikkje tilpassa helseføretakets organisering og byr på fleire utfordringar i praktisk bruk. Blant anna kjem det meldingar, innkallingar, referat til enkelt ansatte som kan ha slutta eller er i permisjon/sjukemeldt m.m. og ikkje til behandlande avdeling
- Korleis skal føretaket ivareta plikt til samarbeid om IP og samstundes vareta rutinar for dokumentasjon i EPJ DIPS mm.
- Korleis sikre nødvendig dokumentasjon i journal, korleis sikre at avdelinga følger opp uavhengig av fråvær blant tilsette mm.
- Er det eit behov for å endre/tydeleggjere rutinen «Om samarbeid i elektroniskndividuell plan (SamPro)»
- Det er behov for å lage eit forslag til konkret rettleiar for tilsette i sjukehuset. Dette arbeidet vil sjåast i samanheng med arbeidet som forbetringsteam for samhandling i læringsnettverket Gode pasientforløp arbeider med.

Arbeidsgruppa i Helse Førde bestod av
Evy Helen Helleseth (fagdirektør)
Tone Holvik (stadleg leiar NSH)
Frode Hatten (personvernombud HF)
Bård Eikeset (føretaksjurist HF)
Inger Furevik (sjukepleiar, HABU)
Tore Hågård (psykolog, BUP)
Maria Ljunglør (koordinator, avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester)

Arbeidsgruppa konkluderte med at det vart naudsynt å formulere eit endringsforslag for samhandlingsrutina «Om samarbeid i elektronisk individuell plan (SamPro)». Dette endringsforslaget måtte tydleggjere dokumentasjonsplikt av pasientbehandling i EPJ (DIPS) i HF, samt presisere kven som er ansvarleg for e-IP og kven som skal vere bidragsytar til e-IP (behandlar/pleiepersonell)

Framlegg til vedtak

- «Fagrådet tek orienteringa om arbeidet med Sampro i Læringsnettverket Gode pasientforløp til vitande»
- «Fagrådet sluttar seg til framlegg av revidert samhandlingsprosedyre»

Sak 27/2021 Status CAVE opplysningar i epikriser

Asle Kjørlaug, konstituert fagdirektør Helse Førde, orienterer i møtet

---

Det er kome innspel frå primærhelstenesten om behov for CAVE-opplysningar i epikrise.

CAVE er ikkje del av epikrise-malen til Helse Førde/Helse Vest. Det blir avgjort regionalt kva som skal være inkludert i epikrisemalen, og det er ikkje regional konsensus om å få CAVE inkludert i malen. Dette betyr at dersom CAVE skal registrerast må dette bli gjort manuelt.

CAVE opplysningar er inkludert i Pasientens legemiddelliste.

Framlegg til vedtak:

Fagrådet tek orienteringa til vitande

Sak 28/2021 Bruk av følgjepersonell frå kommunen

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Bakgrunn
Pasientar kan ha behov for særskilt bistand ved poliklinisk konsultasjon eller ved innlegging i Helse Førde. Pasienten skal, om nødvendig, ha høve til å ha med kjent personale frå kommunen for å bl.a. roe pasient og bidra til kommunikasjon. Grunnlaget for dekning av slike utgifter er nedfelt i samhandlingsprosedyre *«Bruk av følgjepersonell frå kommunen. Grunnlag for refusjon av kostnader»*. Denne prosedyren skal sikre at utgifter til bruk av følgjepersonell vert refunderte ut frå korrekt grunnlag. Bruk av følgjepersonell frå kommunen skal vere godkjent av Helse Førde.

Spesialisthelsetenesta refunderer faktiske kostnader etter spesifisert rekning:
- Løn i samsvar med avtale for den enkelte
- Kostnader ved byte av følgje, i samsvar med vaktplan for opphaldet
- Følgjepersonell får dekka reisekostnader frå kommunal arbeidsstad til sjukehus og tilbake. Ved bruk av offentleg transport, skal kvittering leggast ved.
- Estimert reisetid frå arbeidsstad blir dekt av Helse Førde
- Følgjepersonell får mat og drikke under opphaldet, ikkje diettgodtgjersle.
- Sjukehuset legg til rette for overnatting for følgjepersonell der dette er nødvendig.

Det har synt seg at når Helse Førde får faktura så er timesatsen inkludert sosiale kostnader (1.4 gangen). Det er uklårt kor vidt overtid skal bli berekna ut frå same satsen. I posten sosiale utgifter ligg alt frå kontor, pensjon, feriepengar, sjukefråvær, arbeidsgivaravgift, telefon, pc, aviser mm. Spørsmålet er då om det finns ein annan faktor å berekne overtidslønn frå.

Aktuelt
Samhandlingssjef har hatt eit møte med føretaksjurist og personvernombod for å drøfte innhaldet i prosedyra. Vidare har samhandlingssjef hatt ein gjennomgang av følgjeutgiftene i føretaket.
Dette møtet hadde som føremål å drøfting
- Er prosedyren presis nok?
- Må noko endrast/klarerast/omformulerast?
- Korleis har denne prosedyren vore brukt til no?
- Bør ein ha ein gjennomgang av kostnadar for følgjeutgifter ved avdelingane i HF?

Helse Førde og kommunane har synt seg ueinige om grunnlaget for refusjon (timepris, admin. kostnadar, overtid og reisetid). Det står i prosedyren at kommunen skal nytte standard skjema som grunnlag for refusjon. Dette skjemaet skal sendast inn etter kvart sjukehusopphald. Gjennomgang syner at i fleire saker er ikkje skjema nytta, og det er heller ikkje sendt inn etter kvart opphald. Faktura inneheld heller ikkje alltid spesifiserte kostnader knytt til løn og kva type personale som til ei kvar tid har vore med pasienten.

Arbeidsgruppa føreslår at følgjande er naudsynt for at Helse Førde og kommunane skal vere einige om kva som skal til for å dekke rekning
- Gjennomgang av prosedyren i lag med kommunane
- Presisering av innhald og grunnlag for refusjon av kostnadar kva som skal til for at vi skal dekke kostnadar

Tilråding
Fagrådet blir bedne om å kome med innspel til korleis Helse Førde og kommunane skal arbeide med samhandlingsprosedyra vidare.

- Bør det setjast ned ei arbeidsgruppe på tvers av føretaket og kommunane for å drøfte innhaldet i prosedyra?
- Er det naudsynt å presisere innhaldet i prosedyra eller er det manglande opplæring om innhaldet i prosedyra som er utfordringa?

Sak 29/2021 Evt